



Gunnhild Laxaa

Dato: 13.01.2016
Vår ref.: 2016/88-2
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilskot til digitalisering av data frå kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Øygarden kommune

Tilskot til digitalisering av data frå kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Øygarden kommunane 2016

Tilskot til digitalisering av kartdata frå kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane
Viser til dykkar søknad av 12.01.2016 om midlar til digitalisering av kartdata frå kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Øygarden kommune.

Det er avsett kr. 30 000 pr. kommune for dette arbeidet og til saman kr. 30 000 vert overført til Bergen og Omland friluftsråd for digitalisering i Øygarden kommune. Midlane til Øygarden kommune vil bli utbetalt saman med tildelinga for Tysnes, Austrheim, Meland og Radøy. For desse 5 kommunane vert det utbetalt kr. 150 000 til Bergen og Omland Friluftsråd. De trenger difor ikkje sende EHF faktura på denne tildelinga.

Rapportering for desse midlane skal inngå i sluttrapport frå arbeidet med kartlegging og verdsetting i dei ulike kommunane.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- Link til brukarrettlegg

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarrettlegg%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2016/88

Ressursnummer: 400006

Beløp: kr 30 000,-

Har de spørsmål kan de kontakta rådgjevar Eirik Knive på e-post eirik.knive@hfk.no eller telefon 55 23 91 66.

Hordaland fylkeskommune ønsker dykk lykke til med dette viktige arbeidet!

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Eirik Knive
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.